

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: **torsdag 26. april 2018**  
Tid: **kl. 10.00**  
Stad: **Suldal kommunehus**

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.* l., blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

---

**Rådmannen er invitert i sak 8 og elverksjefen i sak 7**

---

#### SAKLISTE:

**05/18 Godkjenning av protokoll frå møte 01.02.18**

**06/18 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Forenkling, forbetring og effektivisering»**

**07/18 Suldal Elverk KF – uttale til årsrekneskapen for 2017**

**08/18 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2017**

**09/18 Personvernlova – konsekvensar for kommunen**

**10/18 Referat- og orienteringssaker 26.04.18**

#### Ymse

Aksdal, 19.04.18

Vanja Ignjatic (sign.)  
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie  
Utvalssekreter

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert i sak 8)
	Varamedlem	(til orientering, vara er innkalla for Vanja Ignjatic)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.04.18	05/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 01.02.18**

**Vedlegg:** protokoll frå kontrollutvalsmøte 01.02.18

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 01.02.18 ligg ved saka til godkjenning.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 01.02.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 19.04.18



Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag 1. februar 2018 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

**MØTESTAD:** Suldal kommunehus, formannskapssalen

**MØTESTART-MØTESLUTT:** kl. 10.00 – 11.30

**MØTANDE MEDLEMMER:** Vanja Ignjatic (H), Elbjørg Sivertsen (Krf), Berit Myrland (SV), Otto Underbakke (H) og Tormod Skeie (SV)

**FORFALL:** Ingen

**FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

**FRÅ REVISJONEN MØTTE:** Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS

**FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:** I sak 2, pkt. 1 kommunalsjef Torbjørn Guggedal og einingsleiar teknisk drift Tormod Hoftun.  
I sak 3 kommunalsjef Grethe J. Anglevik.

**ANDRE SOM MØTTE:** Ingen

**MERKNADER TIL INNKALLING:** Ingen

**MERKNADER TIL SAKLISTE:** Sakene blei handsama i denne rekkefylgja:  
sak 1, 2 pkt. 1, 3, 2 pkt. 2-7 og 4.

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 01/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL 09.11.17

##### Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 09.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

##### Handsaming i kontrollutvalet 01.02.18:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

##### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.02.18:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 09.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

## SAK 02/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.02.18

1. Tilbakemelding om innkjøpsrutinar – teknisk v/rådmannen
2. Varslingsplakaten – vedtatt av kommunestyret 17.10.17
3. Statusoversikt pr. januar 2018
4. Tertiarrapport pr. 31.12.17 fra Rogaland Revisjon IKS
5. Årsrapport 2017 fra Skatteoppkrevjaren i Suldal
6. Oversikt over statlege tilsyn i 2018 – fra Fylkesmannen i Rogaland
7. Protokoll fra representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 15.12.17

### Handsaming i kontrollutvalet 01.02.18:

#### Pkt. 1

Einingsleiar Hoftun orienterte og delte ut eit notat. Han gjorde greie for arbeidet som var gjort i «innkjøpssaka» etter førre kontrollutvalsmøte.

Det var ikkje funne alvorlege brot på kommunale innkjøpsrutinar.

Utvalsleiar takka for at ei god og grundig undersøking og tilbakemelding. Utvalet var samd i at notatet blei sendt kommunestyret til orientering.

#### Pkt. 2 – 7

Leiar gjorde greie for sakene. Utvalet hadde ingen merknader.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.02.18:

#### Pkt. 1

*Suldal kontrollutval tek tilbakemeldinga fra kommunalsjef og einingsleiar i «innkjøpssaka» til orientering. Tilbakemeldingsnotatet blir sendt kommunestyret til orientering.*

#### Pkt. 2 – 7

*Referatsakene 2 - 7 blir tatt til orientering.*

## SAK 03/18 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «PLEIE- OG OMSORG»

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Pleie- og omsorg» til orientering.

### Handsaming i kontrollutvalet 01.02.18:

Kommunalsjef Anglevik orienterte og viste til notatet som var vedlagt saka. Ho svara på spørsmål frå medlemmene.

Utvalsleiar takka for orienteringa.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.02.18 og innstilling til kommunestyret:

*Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Pleie- og omsorg» til orientering.*

## SAK 04/18 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017

### Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

### Og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2017 frå kontrollutvalet til orientering.

### Handsaming i kontrollutvalet 01.02.18:

Utvælet slutta seg til framlegget utan endringar.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.02.18:

*Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017.*

### Og innstilling til kommunestyret:

*Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2017 frå kontrollutvalet til orientering.*

### YMSE

Ingen saker blei meldt.

**Neste møte: 19.04.18, kl. 10.00**

Sand/Aksdal, 01.02.18

Vanja Ignjatic  
Leiar



Odd Gunnar Høie  
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.04.18	06/18
Kommunestyret	15.05.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie		216

## FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «FORENLING, FORBETRING OG EFFEKTIVISERING»

**Vedlegg:** «Forenkling, forbetring og effektivisering» - rapport utarbeida av Rogaland Revisjon IKS (eige hefte)

### Bakgrunn

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019, som blei vedteken av kommunestyret i juni 2016, er «Innsparing og effektivisering» eit av dei prioriterte prosjekta. Kontrollutvalet starta våren 2017 prosessen med å gjennomføra ein slik forvaltningsrevisjon. Rogaland Revisjon IKS utarbeidde ein prosjektplan etter utvalet sitt ønskje.

Kontrollutvalet vedtok i møtet 25.04.17, i sak 11/17 føljande:

*Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Innsparing, effektivisering og forenkling».*

*Utvalet ønskjer at prosjektet skal omhandle:*

*1. alternativ - Administrasjonskostnader*

*Prosjektet tingast i samsvar vedlagte prosjektmandat, med endringar når det gjeld kva kommunar ein skal samanlikna seg med.*

*Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timer.*

### Føremål og problemstillingar

Utvalet bad revisor sjå nærmare på desse problemstillingane:

- *Korleis kan ein forklare store skilnadar i administrasjonskostnadene kommunane imellom?*
- *Har Suldal kommune gjennomført tiltak for å redusere administrasjonskostnadene dei siste åra?*
- *I kva grad kan kommunen forenkle og forbetre organisering, arbeidsprosessar og arbeidsmetodikk?*
- *I kva grad kan kommunen forenkle og forbetre intern/ekstern samhandling?*
- *I kva grad kan digitale verktøy og andre hjelpemiddel brukast på ein betra måte?*

Med dette som utgangspunkt har Rogaland Revisjon IKS, med støtte frå BDO gjennomført prosjektet. Rapporten er verifisert og rådmannen si tilbakemelding er innarbeida i rapporten. Rapporten ble mottatt av sekretariatet 18.04.18.

### Rapporten

Rapporten inneholder innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn, inkludert revisor sine tilrådingar. Rådmannen sin uttale finn ein på sidene 7 - 8. Føremål og problemstillingar vert presentert i kapittel 1.1, revisjonskriterier og metode i kapittel 1.2 -1.3. Hovuddelen av rapporten finn ein i kapittel 2. Vurderingar og anbefalingar i kapittel 3. Vedlegget inneholder utfylgjande dokumentasjon.

### Revisjonen har følgjande hovudbodskap og tilrådingar

- *Helde fram arbeidet med digitalisering. Kommunen bør òg avklare korleis dei digitale løysingane skal nyttast, og om det er nødvending med parallelle manuelle løysingar for enkelte grupper av tilsette.*
- *Identifisere kva for tiltak som kan setjast i verk for å få ein langt større del av innbyggjarane over på digital plattform for samhandling.*
- *Sikre at opplæringsmateriell knytt til kommunens digitale løysingar er tilgjengeleg på ein strukturert måte, dette gjeld val av presentasjonsform (webinar, e-læringskurs osv.) for nytilsette og til oppfriskingskurs for tilsette. Dette for å sikre at alle tar i bruk dei nye løysingane, lære den nye og avlære den gamle måten å løyse oppgåvene på.*
- *Sjå nærmare på dei administrative funksjonane som løn, rekneskap, IKT, personal, osv. Det er sannsynlegvis her det ligg effektiviserings potensial, viss det er nokon slike. Dette føreset at kommunen dykkar ned i tala og gjerne gjer samanlikningar med andre på dette nivået. Innafor desse funksjonane kan det òg vere mykje å hente på betre utnytting av system og auka grad av automatisering av arbeidsoppgåver i framtida. Dette må ikkje gå utover den administrative støtta som ein to-nivå modell føreset å gje til dei ulike einingsleiarane i kommunen.*
- *I tråd med rettleiaren frå KMD ta ein gjennomgang av dei tilsette som i dag er knytt til funksjon 120 for å verifisere at desse skal førast mot denne funksjonen.*

### Rådmannen sine kommentarar

Rådmannen seier i sin kommentar av 09.04.18 at Rogaland Revisjon IKS har gjort «ein god og nyttig gjennomgang av kommunen sine val og dermed kommunen sine utgifter til administrasjon og politisk styring».

Rådmannen har også punktvis kommentert kvar av tilrådingane frå revisor.

### Konklusjon

Resultatet av forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har potensiale til forbetring, då rapporten avdekkjer område som det bør og kan gjerast noko med.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgd opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørge for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert følgd. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angåande forvaltningsrevisjon.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Forenkling, forbetring og effektivisering» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine fem tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 19.04.18



Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
Kontrollutvalet	26.04.18	<b>07/18</b>
Kommunestyret	15.05.18	

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Odd Gunnar Høie	212	

## **SULDAL ELVERK KF – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2017**

### **Saksvedlegg:**

1. Framlegg til uttale fra kontrollutvalet til rekneskapen 2017
2. Årsmelding 2017 m/rekneskap 2017 – berre utdrag er mangfoldeggjort
3. Revisjonsmelding for 2017, dagsett 16.04.18 - fra Rogaland Revisjon IKS
4. Årsoppgjørsnotat 2017, dagsett 05.04.18 - fra Rogaland Revisjon IKS
5. Møtebok fra Elverkstyret 23.04.18 (blir ettersendt/lagt fram i møtet)

### **Saksorientering:**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunale føretak sin årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte, og under her til ei kvar tid halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette førgår i samsvar med dei vilkår som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar, eller avtalar med revisor.

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga fra revisor, skal utvalet gje uttale om årsrekneskapen til føretaket før han blir handsama av kommunestyret.

### **Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale**

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding.

### **Styret si årsmelding og årsrekneskap med notar**

Rekneskapen og årsmelding skal handsamast av styret i Suldal Elverk KF 23.04.18. Utskrift frå styret si handsaming blir ettersendt/lagt fram i møtet.

Rekneskapen for 2017 syner eit overskot på 18,5 millionar.

Årsmeldinga vil gjere nærare greie for resultatet og fordeling av dette på dei ulike avdelingane. Vidare merknader og forklaringar til rekneskapen går fram av årsmeldinga og notane til rekneskapen.

### **Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.



I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de.

**Innhaldet i revisor si melding og årsoppgjersnotat:**

Revisor si revisjonsmelding (beretning) , årsoppgjersnotat følgjer vedlagt. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8.

Kontrollutvalet har høve til å komme med kommentarar til særrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å komme med spesielle kommentarar til rekneskapen ut over framlegg til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalet sitt vedtak.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særrekneskapen til Suldal KF 2017 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegga.....

Aksdal, 19.04.18



Odd Gunnar Høie  
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Suldal

## Kontrollutvalet sin uttale om Suldal Elverk sin årsrekneskap for 2017

### Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 26.04.18, sak 7/18 handsama Suldal Elverk sin særrekneskap for 2017.

### Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde særrekneskapen, revisjonsmeldingen, årsoppgjørsnotat og styret si årsmelding.

### Kontrollutvalet sin uttale

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2017 viser eit årsresultat på 18,5 mill. kr.

*Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldingen, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttykk for resultatet av føretaket sin verksemد for 2017 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.17.*

*Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldingen.*

Sand, 26.04.18

Tormod Skeie  
Nestleiar av kontrollutvalet




SULDAL  
ELVERK

# Årsmelding

# 2017

---

## Suldal Elverk KF



---

Postadresse :  
Postboks 134  
4231 Sand

Kontoradresse :  
Postvegen 9  
4230 Sand

Telefon : 52 79 26 00  
Telefaks : 52 79 26 01  
Org.nr: 971 034 998



SULDAL  
ELVERK



Himvatnet



## Innhold

ELVERKSJEFEN SI MELDING .....	4
Medan me ventar.....	4
VERKSEMDA.....	6
STYRET FOR ELVERKET .....	7
HELSE MILJØ OG SIKKERHET.....	8
ØKONOMI .....	10
NETTDRIFT.....	13
DISTRIBUERT REGIONALNETT .....	13
DISTRUBISJONSNETT .....	14
KRAFTOMSETNING .....	20

PRODUKSJON .....	22
BREIBAND.....	24
Drift .....	24
Investeringar breiband .....	25
ANNA VERKSEMD.....	26
DET LOKALE ELTILSYN (DLE).....	27
PERSONALTILHØVE .....	29
SAMFUNNSANSVAR .....	30
INNKJØP .....	31
MEDLEMSKAP OG EIGARSKAP .....	32



## ELVERKSJEFEN SI MELDING

### Medan me ventar

Gjennom fleire år har bransjen fokusert på dei varsla endringane i energilova. Den nye lova vart vedtatt i 2016, men mot slutten av 2017 føreslo Senterpartiet å fjerne kravet om funksjonelt skilje for selskap med mindre enn 30.000 kundar. Dette vart vedtatt i Stortinget i mars 2018, og dermed er krava noko lempa. NVE lova å presentere nye forskrifter hausten 2017, men me ventar framleis på desse retningslinjene.

Vår eigar vedtok under budsjetthandsaminga for 2017 at deira eigarskap av Suldal Elverk skulle evaluerast. I den samanheng har me sett ned ei grupe som skal analysere og vurdere framtida som sjølvstendig verksemd, medan kommunen arbeider med eit alternativ om fusjon med større selskap. Det er ikkje dei økonomiske resultata dei siste åra som gjer at ein vurderer framtida, men alle dei varsla framtidige endringane frå styresmaktene. Kva desse endringane inneber har ikkje blitt konkretisert, og det er dermed vanskeleg å spå konsekvensane av dei. Med dei siste vedtaka i stortinget, kan det likevel sjå ut som at fleirtalet blant politikarane har snudd. Dei har i alle fall retta på tidlegare vedtak som gjekk vel langt i iveren etter å gjere det vanskeleg for mindre energiselskap. Det vil og bli spanande å sjå kva som skjer med utjamning av nettleige framover. Om resultatet av utgreiinga endar med ei ordning som gir lik nettleige i heile Norge, vil det heilt klart bli lettare å stå på eigne bein. Med den uvisse framtida, er det vanskeleg å gjennomføre store endringar i

organisering og struktur. Me er på ein måte hamna i ein venteprosess medan vegen vidare er under utgreiing. Organisasjonen lir litt av dette, og det skal bli godt å få ei avklaring på kva løysing som blir vald.

Me står framfor store endringar relatert til målarinnsamling og handtering av innsamla data. Utskiftinga av dei gamle målarane til nye AMS-målerar har vore det store prosjektet i 2017. Fristen for å sluttføre arbeidet er 01.01.2019. Me reknar med at arbeidet er ferdig innan fristen, sjølv om me har møtt på utfordringar med å oppnå fullgod kommunikasjon med nokre av dei nye målarane.

Statnett har ansvaret for å ta imot alle måledata frå dei nye AMS målerane i ein ny felles database kalla Elhub. Det har vore utfordringar med løysinga og derav utsettingar på datoен for driftssetting av databasen. Siste oppdaterte framdriftsplan seier at basen ikkje kjem i ordinær drift før i februar 2019. Desse utsettingane har medført at me har blitt tvungne til å halde liv i, og tilpassé våre gamle system til andre endringar som myndighetene har pålagt oss. Det beste ville vore at alle dei andre endringane hadde blitt utsett til etter at Elhub var sett i drift. På den måten ville me spart store kostnadar på tilpassing av IT system som skal fasast ut etter innføring av Elhub. Det kan sjå ut som at myndighetene har forstått litt av utfordringa rundt dette med ulike innfasingsdatoar. Det er i alle fall høyringar som legg opp til å utsetje kravet om å



skilje databasane for nett og andre verksemder.

Sjukefråværet vart dette året på 3,52%. Dette er noko høgare enn i 2016, men likevel innanfor målet på 4% og noko som me er stolte av. Det er stort fokus på HMS-arbeidet i bedrifta og HMS skal vera på agendaen ved alle samlingar i bedriftas regi.

Rekneskapen for 2017 syner eit resultat på 18,5 millionar etter skatt. Dette er det beste resultatet til Suldal Elverk sidan ordninga med fordeling av konsesjonskraftinntektene vart endra i 2010. Alle avdelingane bidreg til det totale resultatet, men det er ekstra hyggeleg at vår hovudverksemnd nettdrift går bra. Breibandavdelinga bidreg også i år med positivt resultat og passerte 1200 kundar tidleg i 2017.


Det er god grunn til å takke dei tilsette for deira gode innsats gjennom året. Mange vedlikehaldsoppdrag og høg aktivitet i bygda medfører mykje arbeid for elverket. Når me veit at me har redusert bemanninga samanlikna med tidlegare år, er det klart at det blir meir arbeid på den enkelte tilsette. Med så mange arbeidsoppgåver i kø, må det ofte hard prioritering til for å få gjennomført dei viktigaste oppgåvene. Store framtidige investeringar og auka kompleksitet i bransjen, gjer at me vurderer ei auke i bemanninga i åra framover.

Til slutt vil me takka leverandørar, kundar, styret og eigar for eit godt samarbeid i 2017

Sand 16.04.17

Tor Bjarne Smedsrød


Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato:  
Journalført:  
Arkivkode:



# Årsregnskap 2017

## Suldal Elverk KF

Resultatregnskap  
Balanse  
Kontantstrøm  
Noter til regnskapet



Org.nr.: 971 034 998

## RESULTATREKNESKAP

**SULDAL ELVERK KF**

<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR</b>	<b>Note</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Salsinntekt		110 699 121	98 665 883
Anna driftsinntekt		4 860 247	6 341 696
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>115 559 368</b>	<b>105 007 579</b>
Varekostnad		61 019 882	53 785 349
Lønskostnad	14	15 714 222	16 740 870
Avskrivning av driftsmiddel og immaterielle eigendeler	6	8 224 570	9 483 042
Anna driftskostnad	15	10 199 385	11 567 934
<b>Sum driftskostnadar</b>		<b>95 158 059</b>	<b>91 577 194</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>20 401 309</b>	<b>13 430 385</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Renteinntekt frå foretak i samme konsern		4 923	318
Anna renteinntekt		125 285	84 737
Anna finansinntekt		403 258	0
Anna rentekostnad		-181 163	-233 504
Anna finanskostnad		-8 087	-562 728
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>344 215</b>	<b>-711 177</b>
Ordinært resultat før skattekostnad		20 745 524	12 719 208
Skattekostnad på ordinært resultat	13	2 265 670	1 190 632
<b>Ordinært resultat</b>		<b>18 479 854</b>	<b>11 528 576</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>18 479 854</b>	<b>11 528 576</b>
<b>OVERFØRINGAR</b>			
Avsett til utbyte		5 000 000	4 000 000
Avsett til annan eigenkapital		13 479 854	7 528 576
<b>Sum overføringer</b>		<b>18 479 854</b>	<b>11 528 576</b>

## BALANSE

SULDAL ELVERK KF

EIGENDELAR	Note	2017	2016
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>IMMATERIELLE EIGENDELAR</b>			
Utsatt skattefordel	13	0	1 121 346
<b>Sum immaterielle eigendelar</b>		<b>0</b>	<b>1 121 346</b>
<b>VARIGE DRIFTSMIDDEL</b>			
Tomter, bygningar o.a. fast eideom		172 867 411	169 155 238
Maskinar og anlegg		14 667 845	3 145 995
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		3 400 086	3 466 254
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>6</b>	<b>190 935 343</b>	<b>175 767 487</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL</b>			
Investeringar i aksjer og andeler	18	7 433 058	7 433 058
Kapitalinnskot KLP		1 458 185	1 325 376
<b>Sum finansielle anleggsmeddel</b>		<b>8 891 243</b>	<b>8 758 434</b>
<b>Sum anleggsmeddel</b>		<b>199 826 586</b>	<b>185 647 267</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Lager av varer og anna behaldning	4	5 238 926	4 568 636
<b>FORDRINGAR</b>			
Kundefordringar	16	25 493 632	26 061 174
Andre kortsiktige fordringar	16	604 528	165 332
<b>Sum fordringar</b>		<b>26 098 159</b>	<b>26 226 506</b>
<b>INVESTERINGAR</b>			
Plasseringar		3 267 913	2 953 182
<b>Sum investeringar</b>	<b>17</b>	<b>3 267 913</b>	<b>2 953 182</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	8	13 409 034	5 445 676
<b>Sum omlaupsmiddele</b>		<b>48 014 033</b>	<b>39 194 000</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>247 840 619</b>	<b>224 841 267</b>

## BALANSE

### SULDAL ELVERK KF

EIGENKAPITAL OG GJELD INNSKOTEN EIGENKAPITAL	Note	2017	2016
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>			
Anna eigenkapital	9	197 713 194	184 229 541
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>197 713 194</b>	<b>184 229 541</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>197 713 194</b>	<b>184 229 541</b>
<b>GJELD</b>			
<b>AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR</b>			
Pensjonsforpliktingar	11	8 185 517	10 192 359
Utsett skatt	13	484 131	0
<b>Sum avsetning for forpliktingar</b>		<b>8 669 648</b>	<b>10 192 359</b>
<b>ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Gjeld til kreditinstitusjonar		8 213 602	803 328
Leverandørgjeld	12	9 957 313	13 101 832
Betalbar skatt	13	751 371	823 049
Skuldig offentlege avgifter		11 856 272	8 817 082
Utbyte	10	5 000 000	4 000 000
Anna kortsiktig gjeld		5 679 220	2 874 077
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>41 457 778</b>	<b>30 419 368</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>50 127 426</b>	<b>40 611 727</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>247 840 619</b>	<b>224 841 267</b>

Sand, \_\_\_\_\_ 2018  
Styret i Suldal Elverk KF

---

Hans A. Eide  
Styreleiar

---

Tone Marie Sand  
Nestleiar

---

Berit Vestersjø  
Styremedlem

---

Harald H. Løland  
Styremedlem

---

Rolf Vidar Bersås  
Styremedlem vald av tilsette

---

Tor Bjarne Smedsrød  
Elverksjef

## DIREKTE KONTANTSTRØM

**SULDAL ELVERK KF**

	Note	2017	2016
<b>KONTANSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER</b>			
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foret	0	-20 000	
<b>Netto kontantstrøm fra investeringaktiviteter</b>	<b>0</b>	<b>-20 000</b>	
<b>KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER</b>			
Utbetalinger av utbytte	4 000 000	4 000 000	
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>4 000 000</b>	<b>4 000 000</b>	
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter	4 000 000	3 980 000	
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved periodens beg.	5 445 676	7 876 805	
<b>Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved periodens sl</b>	<b>9 445 676</b>	<b>11 856 805</b>	
<b>1) AVSTEMMING</b>			
Resultat før skattekostnad	20 745 524	12 719 208	
Ordinære avskrivninger	8 224 570	9 483 042	
Endring i varelager	-670 290	-208 818	
Endring i kundefordringer	567 543	-818 602	
Endring i leverandørgjeld	-3 144 519	4 303 071	
Endring i andre tidsavgrensningsposter	-18 307 407	-20 731 177	
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>7 415 421</b>	<b>4 746 724</b>	

**Suldal Elverk KS**  
**Noter til årsrekneskapen 2017**

**1 Rekneskapsprinsipp**

Alle tal i 1.000 kr om ikkje anna er oppgitt.

I samsvar med gjeldande føresegner for rekneskapsføring for energiverk, vert årsrekneskapen basert på reglane i rekneskapslova. Vurdering av eigenlutar og gjeld skjer i samsvar med rekneskaps-/aksjelov og god rekneskapsskikk. Dette medfører at ordinære avskrivningar blir gjennomført for varige driftsmidlar i rekneskapen. Full tidsavgrensing av inntekter og kostnader blir gjennomført i rekneskapen. Dette medfører at alle kostnader og inntekter blir å føre på det året dei er opptent/forbrukt.

**Finansiell risiko**

Suldal Elverk har låg risiko knytt til kraftpris då vi kjøper og sel vårt kraftbehov til spotpris. Elsertifikatplikta utgjer likevel ein viss risiko for Suldal Elverk, då denne kostnaden varierer med utviklinga på elsertifikata, medan inntektene er ein del av påslaget i straumprisen til kundane. Vi er noko eksponert for valutarisiko då både oppgjer for elsertifikat, kraftsal på kraftmarknaden og finansielle kontraktar vert oppgjort i utanlandsk valuta. Ein har rutinar for innveksling av valuta for å minimere valutarisikoen, og dette utgjer ein liten del av vår totale omsetning.

**2 Tidsavgrensing av straumsal**

Avrekningsåret for ordinær avrekning av sal til totalkundar strekk seg frå 1.januar 2017 til 31.desember 2017.

**3 Aktiverte investeringar**

Denne posten består av postar som er aktivert, dvs. overført til nyanlegg, og består av følgjande:

Diverse materiell og utstyr 22 293

Løn 3 943

Sum 26 236

Investeringar siste 5 år (Tal i heile 1 000 kr):

	2017	2016	2015	2014	2013
Fordeling høgspent	744	541	13 608	1 553	4 793
Fordeling lågspent	2 480	1 950	3 883	4 243	3 406
Fordeling trafo/kiosk	569	2 769	1 752	2 402	2 404
Nyanlegg/div. utstyr	12 737	2 668	928	3 326	1 209
Bygningar	29	151	59	937	808
Fellesanlegg, tomt	0	0	0	0	0
Fiberanlegg/breiband	9 677	2 012	4 346	4 031	6 452
Sum	26 236	10 091	24 576	16 491	19 072

**4 Lagerbeholdning**

Lagerbeholdning driftsmateriell er oppført med lågast verdi av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ikkje føretatt nedskriving for ukurans.

## 5 Varige driftsmiddel og avskrivinger

Varige driftsmiddel vert vurdert til historisk kost etter frådrag for planmessige avskrivinger. Planmessige avskrivinger vert gjort på lineær basis.

### Avskrivningssatsar

	Sats %r
Bilar, inventar og andre driftsmidlar	12,5
Sambandsutstyr	10,0
Tariffapparat	6,7
Bygningar	2,0
Stasjonsutstyr	4,0
Fordeling høgspenning	2,9
Fordeling lågspenning	3,3
Fordeling trafo/kiosk	4,0

## 6 Oversikt over varige driftsmiddel

	Bygningar mv.	Kraft- stasjonar	Linjer	Jord- kabler	Sjø- kabler	Nett- stasjonar	Hoved- transformator (Regionalnett)	Lade- stasjon	Tomter	Fjernstyring	Målere/ AMS	Tele- anlegg	Transport- måddel	Inventar	Verktøy/ maskiner mv.	Kontor- mask. mv.	Sum
Anskaffelseskost 01.01	13 773	37 697	72 957	62 294	2 884	28 451	18 394	198	1 240	3 076	5 255	50 526	8 729	7 406	444	1 056	314 380
+ Tilgang anleggsmiddel til året	29	0	562	1 538	28	557	13	0	0	22	11 930	9 677	637	55	92	0	25 140
- Avgang anleggsmiddel til året	0	0	231	62	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	293
= Anskaffelseskost 31.12	13 802	37 697	73 288	63 770	2 912	29 008	18 407	198	1 240	3 098	17 185	60 203	9 366	7 461	536	1 056	339 228
- Akkumulert avskrivning 31.12	6 211	9 552	44 441	27 933	1 085	19 515	10 902	91	0	2 110	3 506	14 440	6 882	7 009	109	1 018	154 804
- Akkumulert nedskrivning 31.12	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
+ Reverserte nedskrivninger 31.12	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
= Rekneskm. bokf. verdi 31.12	7 591	28 145	28 847	35 837	1 827	9 493	7 505	107	1 240	988	13 679	45 763	2 484	452	427	38	184 422
Årets avskrivninger	287	568	1 643	1 692	83	823	315	44	0	71	359	1 489	676	85	62	27	8 224
+ Årets nedskrivninger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
- Årets reverserte nedskrivninger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
= Totale av- og nedskr. for året	287	568	1 643	1 692	83	823	315	44	0	71	359	1 489	676	85	62	27	8 224
Økonomisk levetid	35 - 50 år	35 - 85 år	30 - 35 år	30 - 35 år	35 - 35 år	25 - 25 år	35 - 50 år	5 - 5 år	0 - 100 år	30 - 30 år	2 - 15 år	3 - 35 år	8 - 8 år	10 - 10 år	8 - 8 år	3 - 3 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Linear	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	6 510
Endringer i avskrivningsplan til året	Nel	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	190 934

Anlegg under utføring per 31.12.17

## 7 Bundne middel

Av inneståande i bank er kr. 907 bundne skattetrekksmiddel.

## 8 Bankinnskot, kontantar

Bank og kasse består av:

Kontantar	kr	8
Driftskonto	kr	10 987
Bankkonto EUR	kr	820
Bankkonto SEK	kr	9
Garanti Markeds Kraft	kr	678
<u>Bank skattetrekk</u>	kr	<u>907</u>
Sum	kr	13 409

## **9 Eigenkapital**

Total eigenkapital pr. 31.12.2017

	Året 2017	Året 2016	Året 2015	Året 2014
Eigenkapital pr. 01.01.	184 230	176 701	171 530	166 025
Justering EK pr. 01.01.	3			101
Resultat	18 480	11 529	9 677	11 204
Til utbygging				1 800
Korreksjon 2014			506	
Til utbyte	5 000	4 000	4 000	4 000
<b>Eigenkapital pr. 31.12.</b>	<b>197 713</b>	<b>184 230</b>	<b>176 701</b>	<b>171 530</b>

## **10 Utbyte**

Utbyte består av:

<u>Utbyte 2017</u>	kr	5 000
Sum	kr	5 000

## **11 Pensjonsforpliktning**

Verksemda har ordninger for pensjon for dei tilsette. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal år med opptening, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleik på ytinga frå folketrygda. Den kollektive pensjonsavtalen er finansiert ved fondsoppbygging organisert i KLP i samsvar med hovudtariffavtalen.

	2017	2016
Noverdi av årets pensjonsopptening	1 886	1 898
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	2 100	2 166
Avkastning på pensjonsmidlar	-1 953	-1 965
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>2 032</b>	<b>2 099</b>
Brutto påkommne pensjonsforpliktingar	53 733	55 301
Pensjonsmidlar	45 547	45 109
<b>Netto forplikting før arbeidsgjevaravgift</b>	<b>8 186</b>	<b>10 192</b>

### **Økonomiske føresetjingar:**

Diskonteringsrente	4,00 %
Forventa vekst løn	2,97 %
Forventa G-re./pensjonsreg.	2,97 %
Forventa avkastning	4,65 %

## **12 Leverandørgjeld**

Elverket har ingen eldre opne postar.

### **13 Skatt**

(Tala er ikkje avrunda.)

<b>Årets skattekostnad</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
<i>Resultatført skatt på ordinært resultat:</i>		
Betalbar skatt	751 371	820 781
Endring i utsatt skattefordel	1 514 299	369 851
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>2 265 670</b>	<b>1 190 632</b>
<i>Skattepliktig inntekt:</i>		
Ordinært resultat før skatt	20 745 524	12 719 208
Permanente forskjellar	- 11 613 954	- 8 132 899
Endring i midlertidige forskjellar	- 6 000 856	- 1 292 512
Anvending av framførbart underskot	0	0
<b>Skattepliktig inntekt</b>	<b>3 130 714</b>	<b>3 293 797</b>
<i>Betalbar skatt i balansen:</i>		
Betalbar skatt på årets resultat	751 371	823 049
Skuldig tillikna skatt frå tidligare år	0	0
<b>Sum betalbar skatt i balansen</b>	<b>811 678</b>	<b>823 049</b>

*Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har gitt opphav til utsatt skatt og utsette skattefordeler, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:*

	2017	2016	Endring
Varige driftsmiddel	11 917 228	6 251 395	-5 665 833
Fordringar	152 781	-35 401	-188 181
Pensjonspremie/- forplikting	- 8 185 517	-10 192 359	-2 006 842
Andre forskjellar	-2 176 000	- 316 000	1 860 000
<b>Sum</b>	<b>1 704 491</b>	<b>-4 292 365</b>	<b>-6 000 856</b>
Utsatt skatt (23%/24%)	392 953	- 1 030 168	-1 423 121
Utsatt skatt bokført (23%/24%)	484 131	-1 121 346	-1 514 299
<b>Utsatt skattefordel differanse</b>	<b>- 91 178</b>	<b>91 178</b>	<b>- 91 178</b>

Differansen oppstår fordi det i 2016 vart bokført feil beløp på utsatt skatt. På utsatt skatt vart det bokført 369 851, medan beløpet skulle ha vore 461 029.

## **14 Løn m.m.**

Lønskostnader	Året 2017	Året 2016
Løn	17 618	17 096
-Løn eigne investeringsprosjekt	-3 942	-5 488
Arbeidsgjeveravgift	2 252	2 077
Pensjonskostnader	- 239	2 957
Andre personalkostnader	26	99
<b>Sum</b>	<b>15 714</b>	<b>16 741</b>

Ytingar til leiande personar	Elverksjef	Styret
Løn	936	
Anna godtgjersle	29	219

### Kostnader til revisor:

Revisjonshonorar	79
------------------	----

## **15 Anna driftskostnad**

Anna driftskostnad består av alle kostnader som ikke er finansielle kostnader, avskrivinger, løn og sosiale kostnader eller varekostnader.

## **16 Kundefordringar**

Kundefordringar består av :

Kundefordringar	kr 25 751
<u>Avsetjing tap</u>	kr - 257
<b>Sum</b>	<b>kr 25 494</b>

Elverket har ingen eldre uteståande postar.

Andre kortsiktige fordringar består av følgjande:

Fordring lønn	13
Forskotsbetaling Hjorteland*	61
<u>Diverse forskotsbetaling</u>	<u>531</u>
<b>Sum</b>	<b>605</b>

\*For å spare seinare brytarleige og transformeringskostnad har Suldal Elverk bidrege til opprusting av brytarar ved Hjorteland transformatorstasjon. Denne stasjonen hører til Statnett. Kostnaden blir fordelt over normal avskrivingsperiode, 25 år. Restsaldo 31.12.17 er kr 61.000.

## **17 Plasseringar**

Plasseringar består av :

Finansiell posisjon Nasdaq	kr 2 972
<u>Garanti Nasdaq</u>	<u>296</u>
<b>Sum</b>	<b>kr 3 268</b>

## 18 Investering i aksjar og andelar

Aksjar og andelar består av følgjande :

Byggopp AS	kr	1
Steine Kraft AS	kr	5 500
Økstra Kraft AS	kr	1 865
Nettalliansen AS	kr	20
<u>Validér</u>	kr	47
<b>Sum</b>	kr	<b>7 433</b>

Suldal Elverk eig 1 364 av 1 948 aksjar i Steine Kraft AS.

Suldal Elverk eig 468 av 40 000 aksjar i Validér.

Suldal Elverk eig 100 % av aksjene i Økstra Kraft AS.

## Note 19 Monopolverksemdu - Meir-/mindreinntekt

Berekning av tillaten inntekt	Regionalnett	Distribusjonsnett	Totalt
Inntektsramme	3 920	34 558	38 478
Avvik meir-/mindreberekning tidlegare år	3	86	89
Kostnader overliggjande nett	3 552	7 278	10 830
Eigedomsskatt	0	0	0
Justering for tidsetterslep i avskrivningar/avskrivningsgrunnlag	-150	259	109
KILE	-179	-896	-1 075
<b>Tillaten inntekt for året</b>	<b>7 146</b>	<b>41 285</b>	<b>48 431</b>
Berekning av faktisk inntekt			
Overføringsinntekter	7 149	43 200	50 349
Purregebyr/morarenter	0	9	9
Overskot pliktleveranse	0	8	8
Andre inntekter	0	0	0
<b>Sum faktiske inntekter</b>	<b>7 149</b>	<b>43 217</b>	<b>50 366</b>
<b>Årets meir-/mindreinntekt</b>	<b>3</b>	<b>1 932</b>	<b>1 935</b>
<b>Tidlegare ikkje balanseført meir-/mindreinntekt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Faktisk endring i meir-/mindreinntekt for året</b>	<b>3</b>	<b>1 932</b>	<b>1 935</b>
Inngående balanse meir-/mindreinntekt inkl. renter	-3	230	227
Årets meir-/mindreinntekt	3	1 932	1 935
Utgående balanse meir-/mindreinntekt ekskl. renter	0	2 162	2 162
Meir-/mindreinntekt (IB+UB)/2	-1	1 196	1 194
Årets renter (1,19%)	0	14	14
<b>Utgående balanse meir-/mindreinntekt inkl. renter</b>	<b>0</b>	<b>2 176</b>	<b>2 176</b>

**Berekning av tidsetterslep i avskrivingar/avskrivingsgrunnlag**

Avskrivingar i år	520	5 368	5 888
Avskrivingar for 2 år sidan	692	5 652	6 344
Avvik avskrivingar	-172	-284	-456
Avkastningsgrunnlag i år	8 571	100 422	108 993
Avkastningsgrunnlag for 2 år sidan	8 211	91 547	99 758
Avvik avkastningsgrunnlag	360	8 875	9 235
NVE-rente	6,12 %	6,12 %	6,12 %
Korreksjon for avvik i avkastningsgrunnlag	22	543	565
Sum justering for tidsetterslep i avskrivingar/avskrivingsgrunnlag	-150	259	109

Avkastningsgrunnlag:	Regionalnett			Distribusjonsnett			Nettverksemrd		
	01.01.2017	31.12.2017	Snitt	01.01.2017	31.12.2017	Snitt	01.01.2017	31.12.2017	Snitt
Driftsmiddel	8 960	8 486	8 723	89 838	98 480	94 159	98 798	106 966	102 882
Netto arbeidskapital 1%	90	85	87	898	985	942	988	1 070	1 029
Sum avkastningsgrunnlag	9 050	8 571	8 810	90 736	99 465	95 101	99 786	108 036	103 911
Driftsinntekter			7 146			41 742			48 888
Driftskostnader			5 463			32 964			38 427
Driftsresultat			1 683			8 778			10 461
Avkastning i %			19,10 %			9,23 %			10,07 %



Til Suldal kommunestyre

Kopi: [postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no)  
Kontrollutvalg ved Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS  
[ogh@kontrollutvalgene.no](mailto:ogh@kontrollutvalgene.no)  
[post@sev.no](mailto:post@sev.no)

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING FOR SULDAL ELVERK KF FOR 2017

### Uttalelse om revisjon av regnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert regnskapet for Suldal Elverk KF som viser et årsoverskudd på kr **18 479 854**. Regnskapet består av balanse per 31. desember 2017, driftsregnskap, kontantstrømanalyse og noter til regnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende regnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en rettvisende bilde av den finansielle stillingen til Suldal Elverk KF per 31. desember 2017, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god regnskapsskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisionsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av regnskapet*. Vi er uavhengige av foretaket slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i foretakets årsrapport, men inkluderer ikke regnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av regnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi atesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av regnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og regnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

#### Styret og daglig leders ansvar for regnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide regnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et regnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av regnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at regnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsbehandling som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisionsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på regnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisionsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i regnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt regnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

#### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

##### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av regnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i regnskapet stemmer med regulert budsjett.

##### *Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av regnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningsene i årsberetningen om regnskapet er konsistente med regnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av regnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

---

Stavanger, 23.04.2017  
Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Arrestad  
Revisjonsdirektør/  
statsautorisert revisor



Til  
Styret i Suldal Elverk KF  
[tbs@sev.no](mailto:tbs@sev.no)

Kontrollutvalg  
[postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no)  
[ogh@kontrollutvalgene.no](mailto:ogh@kontrollutvalgene.no)

## ÅRSOPPGJØRSNOTAT 2017

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 17.04.18  
Journalført: 18/114/0646  
Arkivkode: 212

### Innledning

Kommunelovens regler om tilsyn, kontroll og revisjon framgår av kommuneloven kapittel 12. Revisors oppgaver følger av loven § 78 og egen forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. og kan oppsummeres slik:

- ✓ Vurdere om årsregnskapet er avgjort i samsvar med lov, forskrift og god regnskapsskikk
- ✓ Se etter at årsregnskapet stemmer med budsjett eller andre gyldige vedtak
- ✓ Vurdere om opplysningsene i årsberetningen er konsistente med årsregnskapet
- ✓ Vurdere om foretaket har oppfylt sine plikter mht. tilfredsstillende registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- ✓ Se etter at foretaket har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte
- ✓ Bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Eventuelle konstaterede misligheter skal straks meddeles kontrollutvalget.

Resultatene av regnskapsrevisjonen er rapportert i vår revisjonsberetning datert 24.4.2018.

Dette årsoppgjørsnotatet gir en oppsummering av årets revisjon og knytter en del kommentarer til det framlagte årsregnskapet og årsmeldingen. Foretaket har ikke vært gjenstand for forvaltningsrevisjon i 2017.

### Regnskapsavleggelsen og den økonomiske situasjonen

Regnskapet og årsberetningen er avgjort i samsvar med lov, forskrift og god regnskapsskikk. Foretakets regnskap er en del av Suldal kommunes framlagte årsregnskap. Suldal Elverk skal avlegge sitt regnskap i samsvar med forskrift av 24.8.2006 om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale foretak. Selv om foretaket følger regnskapslovens krav, er det visse forhold som skal ivaretas etter de kommunale forskriftene.

Årsregnskapet er fremlagt med et årsresultat på 18,5 mill. kr mot 11,5 mill. kr etter skatt året før. Det er også i 2017 foreslått et utbytte i tråd med eieres forventinger på 5 mill. kr, mens det øvrige overskudd er foreslått avsatt til fri egenkapital. Egenkapitalandelen er fortsatt svært solid på 80 % mot 82 % i 2016.

## Regnskapsrevisjon

Regnskapsrevisjonen er gjennomført i samsvar med kommuneloven med tilhørende forskrift og god kommunal revisjonsskikk, herunder internasjonale revisjonsstandarer – *International Standards on Auditing*.

### Vurdering av intern kontroll og rutiner

Det overordnede ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen tilligger kommunestyret iht. kommuneloven § 76. Dette ansvaret er delegert til foretaket styre, jf. loven § 67. Daglig leder har det operative ansvaret, og skal sørge for at bokføringen skjer i samsvar med lov og forskrift, og at formuesforvaltningen er betryggende (kml. § 71 nr.2).

I løpet av året er alle hovedrutinene, som salg, kjøp og lønn, gjennomgått. I all hovedsak fremstår selskapets arbeidsdeling og internkontroll som hensiktsmessig. Det er god lederoppfølging av økonomi og resultater i foretaket, salgs-, innkjøps- og lønnsområdet fungerer i hovedsak tilfredsstillende. Avtalen med Sysco om regnskapsassistanse styrker etter vårt skjønn den interne kontroll og har etter vårt skjønn fungert bedre i 2017. På innkjøpsområdet er det lite feil. Vi vil likevel nevne av omfanget av bespisning er lite, og vil vi vise til at regelverket krever at bilaget skal angi hvem som er bespist og anledning. På lønningsområdet er det skjedd forbedringer i rutiner bla. med innføring av elektroniske og utbedringer av mindre svakheter påpekt i 2016.

Det er ikke avdekket vesentlige feil ved våre stikkprøver av kostnader i 2017. I hovedsak synes det å være god forståelse og praktisering av lov om offentlige anskaffelser. Ingen avvik ble avdekket i våre stikkprøvekontroller.

### Kommentarer til årsregnskapet

Vi viser til bokføringsloven som setter krav til at alle balanseposter skal dokumenteres pr. 31.12. med mindre de er ubetydelige. For revisjon av årsregnskapet for 2017 har vi mottatt fullstendige avstemninger og vurderinger av bedre kvalitet enn tidligere.

Inntekter, utgifter og lønn synes i hovedsak fullstendige og korrekt periodisert. Lønn og lønnsrelaterte poster er avstemt mot offentlige oppgave, og øvrige utgifter er kontrollert med hensyn til realitet og korrekt bokføring. Varetelling er gjennomført i 2.1.2018 med betydelig bedre rutiner.

Utestående fordringer utgjør kr 25,5 mill. pr 31.1.2017 hvorav kun et mindre beløp er 2-3 år gammelt. Elverket har i løpet av året gjennomgått fordringene og tapsført ca. kr 172 000 ytterligere avsatt kr 107 000 for påregnelig tap slik at tapsavsetning nå beløper seg til sum kr 257 000. Etter vårt skjønn er fordringene fortsatt høye.

Tilskudd til varige driftsmidler eller anleggsbidrag blir fortsatt nettoført i stedet for å nytte bruttoprinsippet, som er en hovedregel etter NRS nr. 4 om offentlige tilskudd, hvor tilskuddet skal balanseføres som utsatt inntektsføring. Nytt i 2017 er at det føres rett inn i anleggsmidler.

